

Heidersprisen for 2013

Er tildelt Per Edgar Kokkvold.

Per Edgar Kokkvold har vore generalsekretær i Norsk Presseforbund i 17 år. Med sitt store engasjement og sin grundige kunnskap om kva rolle media spelar i samfunnet, har han vore ein markert deltakar i den offentlege debatten. Spesielt i spørsmål om etikk, ytringsfridom og openheit har han vore ei prinsippfast og tydeleg stemme.

Som øvste leiar for ein organisasjon som representerer ein stor og variert mediebransje, har han alltid inkludert og stilt opp for LLA og lokalavisene. Også dei minste avisene har han vist både omsorg og stor respekt. Når det har vore naturleg, har han framheva dei viktige oppgåvene lokalavisene har i samfunnet.

Per Edgar Kokkvold er ein ordkunstnar, og både skriftleg og munnleg har han nytta eigenskapane sine på ein måte som har medverka til den sterke statushevinga lokalavisene har hatt dei siste tiåra.

Per Edgar Kokkvold fortener Landslaget for lokalaviser sin heiderspris.

Juryen

Svolvær 27. april 2013

Ståle Melhus

Rune Hetland